

Gutane gjekk på stortap

27.07.2009

Medan dei to jentelaga opna med siger i Norway Cup i helga gjekk det ikkje så bra for gutar 14 då dei hadde den første kampen sin på morgonkvisten måndag.

Det vart 7-0 i tap etter 5-0 ved pause. Kvinnheringane (Rosendal/Uskedal) hadde stutt sagt ikkje mykje å stille opp med mot sterke Skedsmo, I ettermiddag skal dei spela mot Nprdstrand. Skedsmo møtar då det fjerde laget i pulja, som er Rollon.

Tre uskedelingar er med på gutelaget - det er Kenneth Stensletten, Martin Hauge og Hans Fredrik Zimmer.

Jentelaget som også har fleire uskedelingar med skal spela mot Vålerenga i kveld, medan det andre jentelaget spelar i føremiddag mot Vigør.

Dei første kampane måndag går i opphaldsver, men under trugande skyar, seier vår rapportør.